# BEVARE MEG VEL

Årgang 4, nummer 1, 2017

FELLESTJENESTENE I ROGALAND

## Årets "julebrev" frå fellestenestene

I år kjem me ut med eit nyheitsbrev for heile året - ei slags årsmelding for arbeidet i fellestenestene. Ein av årsakene til at det er kun *eit* nyheitsbrev i år, er at me har arbeidd med ei nettside som langt på veg vil kunne fylla oppgåva nyheitsbrevet har hatt: Å nå ut med informasjon om arbeidet til fellestenestene. Me vil fortsetja med nyheitsbreva, men mykje av informasjon vil nå vera å finna òg på nett.

I vinter leverte Telemarksforsking rapport med evaluering av museumsreformen i Rogaland. Evalueringa har primært handlar om korleis organiseringa av musea i regionen er i dag, og kva utfordringar og behov noverande organisasjon skapar i dag og i tida framover. Telemarksforsking tilrår ei vidare satsing på fellestenestene, og skriv mellom anna at dei tykkjer arbeidet held høg kvalitet og at det bidreg til å redusera etterslepet. Vidare skriv dei at den desentraliserte modellen der ressursane er stasjonert ved eit museum og ambulerer på alle musea etter ein arbeidsplan ser ut til å fungera godt.

> **"Fellestjenesten med samlingsteam og fotoarkivar får svært gode skussmål av museene, og ser ut til å være et produktivt og verdifullt tiltak basert på en vellykket samarbeidsmodell. I løpet av evalueringsperioden er den styrket med en ressurs på bygningsvern. Vi anbefaler at fellestjenesten gjøres permanent, og at den styrkes ytterligere med ressurser på teknisk konservering og formidling/utstilling, eventuelt også på strategisk publikumsutvikling. I lys av at de regionale museumsmidlene er knappe, er det viktig at fleksibiliteten i fellestjenestene bevares, slik at tjenesten kan fylles med den type kompetanse som det til enhver tid er mest behov for ved museene.**
>
> Telemarksforsking (2016): Til lands og til vanns og på sokkelen med - Evaluering av museumsreformen i Rogaland

Telemarksforsking meiner at fellestenestene bør gjerast om til faste stillingar og bør styrkast med ei utviding av fagkompetanse (sjå utheva sitat). Det ligg allereie føre konkrete planar om dette - med endringane for samlingsteamet frå 2019. Når òg bygningsantikvarstillinga nå ser ut til å bli permanent, er ein langt på veg for å møta råda frå Telemarksforsking.

Då står det berre att for oss i fellestenestene å takka for samarbeidet i året som er gått, og ønskje alle ei

**GOD JUL!**

NETTSIDE

# Nettsida til fellestenestene

Som nemnd sette me dette året i gong med å utarbeida ei felles heimeside for alle oss i fellestenestene. Fram til nå har bygningantikvaren presentert seg på ei eiga nettside, og ein har sett behovet for noko tilsvarande for fotoarkivaren og samlingsteamet. Løysinga blir å presentera seg samla under ei felles side. Dette vil (håpar me) gjera det enklare for musea å finna fram til informasjon.

Nettsida er førebels å finna på adressa: fellestjenestene.wordpress.com I neste omgang vil me få tak i eit kortare og betre domene.

**Som ein starthjelp til musea - for å koma i gong med å bruka sida har me laga ein liten steg-for-steg guide.**

## 1




**Slik ser framsida ut. Her er ein meny og søkefelt øvst i høgre hjørne. Nede i høgre hjørne er det ein knapp ein kan trykka på for å følgja sida (markert).**

## 2




**Når ein rullar seg lenger finn ein dei tre fagområda. Klikk på ein av desse. Til dømes fotoarkivaren (klikk på biletet eller på teksten LES MER).**

**NETTSIDE**

# Nettsida til fellestenestene

4

Slik ser sida til fotoarkivaren ut. Her står det litt generelt om fotoarkivaren sitt arbeid, og om formålet med stillinga.




5

Lenger nede på sida dukkar menyen til fotoarkivaren opp. Her kan ein mellom anna lesa meir om kven fotoarkivaren er, og om tenestene (markert).




6

Når ein har klikka på TJENESTER kjem ei side opp med oversikt over tenestene. Ved å klikka på ein av desse får ein lesa meir informasjon om denne tenesta.



## NETTSIDE

# Nettsida til fellestenestene

7

Om ein klikkar på MENY øvst i høgre hjørne, dukkar denne blå sida opp. Her får ein oversikt over anna som ein kan finna på sida.




8

Til dømes kan ein klikka på NYHETER, og då kjem ein inn på dette digitale nyheitsbrevet som vert oppdatert fortløpande. Her kan ein òg abonnera ved å skriva inn epostadressa si.




9

Når ein rullar seg lenger finn ein dei tre fagområda. Klikk på ein av desse. Til dømes fotoarkivaren (klikk på biletet eller på teksten LES MER).



**NETTSIDE**

# Nettsida til fellestenestene

## 10

Me har òg lagt inn ei liste over relevante lenker under ei eiga side i menyen. Klikk på LENKER så finn du dette.




## 11

Me har laga ei eiga kontaktside der alle medarbeidarane i fellestenestene står oppført med kontaktinfo.




## 12

Nedst på sida ligg eit ”banner” med alle musea + RogFk sine logoar. Klikkar ein på ein logo kjem ein direkte til nettsida til det aktuelle museet.



## Tilbakeblikk fra fotoarkivaren

**2017 nærmer seg slutten og det er på tide å se på året som har gått. I skrivende stund har jeg nettopp sluttført en gjennomgang av tilstanden på fotosamlingen til Karmsund folkemuseum. Samlingene til Jærmuseet, Dalane folkemuseum og Norsk oljemuseum har allerede blitt gjennomgått, og Ryfylkemuseets og Museum Stavangers fotosamlinger står for tur på nyåret i 2018.**

## Vurdering av tilstanden på museenes fotosamlinger

Det er første gang jeg har utført en gjennomgang av tilstanden til alle museenes fotosamlinger. Målet er at museene skal ha rutiner for årlige kontroller av magasinene og at de sammen med fotoarkivaren gjennomfører en tilstandsundersøkelse hvert femte år. På denne måten vil vi avdekke endringer i tilstand og vil kunne iverksette tiltak for å behandle eller stoppe endringene.

Det ble satt av tid til tilstandsundersøkelsene basert på samlingenes størrelse. Ut fra plasseringen av fotografiene undersøkte vi tilstanden på et tilfeldig utvalg av fotografier. Dette skal gi et mest mulig representativt utvalg. Vi noterte bildenes id. Nummer, tilhørighet til samling eller arkiv og plassering, hvordan de er pakket, materiale, og fysiske-, biologiske- og kjemiske skader, før det enkelte bildet ble plassert i en tilstandskategori.

De som har deltatt i undersøkelsene har vært glade for den muligheten undersøkelsene har gitt for å få et grundig innblikk i innholdet i fotosamlingene og eventuelle behov for tiltak.



**Grethe Paulsen Vie og Madli Hjermann undersøker et negativ på Karmsund folkemuseum. Foto: Ana Gonçalves, 2017.**

## Arbeid for museene

Dette halvåret har jeg arbeidet i 80 % stilling og har dermed hatt gleden av å ha Ana Gonçalves som kollega i en 20 % stilling. Med sin kompetanse og innsats har Ana vært til god hjelp i arbeidet med museenes kulturhistoriske foto. Hennes engasjement ved Haugalandmuseene er nå avsluttet, og vi ønsker henne lykke til med nye utfordringer.

For museene har vi digitalisert, katalogisert og samlet inn bilder. Bilder fra industrifotografen Tor Brekke er digitalisert og katalogisert for Haugalandmuseene. Bildene er tilgjengelig på DigitaltMuseum. Dalane folkemuseum har fått digitalisert et stort antall av sine bilder fra deres alminnelige serie. Dette er bilder fra Dalane som etterspørres og brukes mye, og det vil lette museets arbeid å få dem digitalisert. Jeg har sluttført digitaliseringen



**Sveisearbeid ved Hydro Alnor (nå Hydro Aluminium) på Karmøy. Foto: Tor Brekke, 1979. Karmsund folkemuseum, MHB-F_TB-043.**

## Arbeid for museene (forts.)

av negativer fra fotografen Finn Johannessen for Ryfylkemuseet, og katalogiseringen av bildene er godt i gang. Ved å feste folk og steder til postene i Primus får vi stadig mer informasjon om omgangskretsen og turene hans til vanns og til lands.

Hos Jærmuseet har jeg bidratt med dokumentasjon av sauedrift og bruk av heiene i vår samtid. Prosjektet har også vært viktig for utvikling og utprøving av metoder for innsamling av bilder fra vår samtid. Innsamlingsprosjektet har vært todelt med innsamling fra en Facebook-profil og fra en sauebonde. Innsamlingen av bilder direkte fra fotografen er en spennende metode som gir muligheter for å sette bildene inn i en helhetlig historie, med navn, relasjoner, steder, aktiviteter og følelser.

**Dette er det første prosjektet jeg har hørt om som har benyttet Facebook for innsamling og dokumentasjon av et tema. I arbeidet har vi støtt på både etiske, juridiske og metodiske problemstillinger. Hvordan kan vi best mulig dokumentere en hel kommunikasjonstråd på Facebook, samtidig som vi vil ha bildene best mulig frem? Hvordan kan vi balansere et godt personvern og behovet for dokumentasjon av et tema? I et tilfelle valgte vi å rådføre oss med en jurist. Bildene vil ikke bli offentliggjort, men de vil være en viktig kilde til kunnskap for intern forskning.**



Av og til dukker det opp noen historiske perler. Som denne reproen av Trygve Grans fly på Reve etter å ha gjennomført den første flyvningen over Nordsjøen i 1914. Er det Trygve Gran selv som står ved flyet? Reprofotografert av Finn Johannessen, 1934. Ryfylkemuseet, RF2010-069-058-1124.

## FOTOARKIVAREN

# Etiske retningslinjer

Fotonettverket er et nettverk for de som arbeider med kulturhistoriske foto i arkiver, biblioteker og museer i Norge. Her diskuteres felles prosjekter og problemstillinger og det er en arena for utveksling av kunnskap og erfaringer. Jeg deltar i nettverket for museene i Rogaland.

I vår kom det en henvendelse til nettverket om å se på behovet for retningslinjer for foto i arkiver, biblioteker og museer. Jeg deltar i en arbeidsgruppe som skal vurdere behovet for slike retningslinjer. Både gjennom diskusjoner i nettverket, i arbeidsgruppa og i referansegruppa for stillingen her i Rogaland er det tydelig at mange til daglig opplever etiske problemstillinger knyttet til arbeid med foto som hverken lovverket eller ICOMs etiske regelverk dekker godt nok. Det dukker opp mange spørsmål, som hva det er greit å publisere og hva som ikke greit, hvilke hensyn man bør ta ved en digital reproduksjon og ulike former for publikasjoner av bilder, hvem som bør få bestille hvilke bilder. Om sladding av bilder, hvordan man reagerer på ønsker om å fjerne bilder, osv.

I første omgang ønsker vi å samle inn andres erfaringer med etiske problemstillinger. Flere kolleger fra museene i Rogaland har delt eksempler på etiske problemstillinger de har vært stilt ovenfor.

**Send gjerne flere eksempler!**




**Det gjøres mange etiske vurderinger når man skal dokumentere et vanskelig tema i samtiden. Haugalandmuseene brukte fotografi til å dokumentere fattige tilreisende EØS-borgere i Haugesund.**

# Oppsummering frå bygningsantikvaren

**Her følgjer ei kort oppsummering av året som er gått, og kva bygningsantikvaren har arbeidd med i denne perioden. Meir info kan ein m.a. finna på Facebook (lenk her).**









## Dalane folkemuseum

I januar var eg tilbake på Dalane folkemuseum for å fortsetja arbeidet med Svindlandhuset. Dette arbeidet var sett i gong seinhausten 2016 med oppmåling og dokumentasjon, og nå var ønskjet å sjå på korleis huset kunne brukast. I den samanheng var det òg viktig å finna fram til ein restaureringsfilosofi. Er det aktuelt med ei tilbakeføring eller ei konservering? Kva for ei historie vil ein formidla? Desse spørsmåla vart drøfta med dei tilsette på museet.

## Klimaprosjektet

På nyåret var eg med på seminar i samband med lansering av klimarapporten ”Varmare, våtare, villare”. Roy Høibo leia klimaprosjektet på vegne av Byggnettverket og Håndverksnett. Rapporten viser at omlag halvparten av dei historiske bygningane i musea sine samlingar er i dårleg stand som følgje av eit varmare, våtare og villare klima. Dette vert ei viktig utfordring for musea framover.

## Audamotland

I 2016 hadde sysselsetjingsmidlane frå Kulturdepartetmentet utløyst ekstra stor aktivitet på musea i Rogaland. For Jærmuseet sin del gav dette høve til å gjera naudsynt arbeid med løa på Audamotland. Handverkar Odd-Geir Rosland fulgte dette arbeidet tett, og dokumenterte prosessen med både tekst og bilete. Eg har vore involvert i etterkant med å finna fram til metode og malar for å samla denne dokumentasjonen. I neste omgang kan dette leggjast ut i Primus FDV-modulen.

# Oppsummering frå bygningsantikvaren

**Her følgjer ei kort oppsummering av året som er gått, og kva bygningsantikvaren har arbeidd med i denne perioden. Meir info kan ein m.a. finna på Facebook (lenk her).**



## Steinportalseminar

I samband med det store restaureringsprosjektet på Stavanger domkyrkje vart det stelt i stand eit nasjonalt seminar om restaurering av steinportaler. Dette høyrest nok smalt ut, men innlegga og diskusjonane vart breiare enn tittelen på seminaret, og det vart diskutert både restaureringsprinsipp og -ideologi, samt kalkbruk, steintypar, geologi m.m. Seminaret føregjekk på Utstein kloster, og der var bygningsantikvar Mathies E. Erlandsen med og delte av sin store kunnskap.



## Oppmålingsarbeid

I året som er gått har eg gjort ein del oppmålingsarbeid, mellom anna av kvernhus og eldhus på Bokn. Dette har stått høgt på lista til Haugalandmuseene. Særskild viktig har det vore å få dokumentert kvernhuset. Det ligg midt i den planlagde traseen for ny E39. I tillegg til oppmåling og teikning vart bygningane dokumentert med foto. Eg nytta ein enkel "fotogrammetrisk" metode der bilete vert drapert bak teikningen. Slik kan ein få fotografi som er målbare.



## TREseminaret

I april var eg med på Treseminaret - eit årleg arrangement på Hjerleid som samlar 100-120 handverksinteresserte. Eg deltok på helgekurset *Tradisjonelle malingsteknikker*. Dette kurset, til liks med andre kurs på seminaret, legg vekt på praktiske øvingar og sjølve handverket. Me fekk difor mellom anna prøva oss på å blanda maling sjølv, noko som var svært interessant og lærerikt. Kurshaldar var Jorunn Garberg frå Malersvenneriet.

# Oppsummering frå bygningsantikvaren

Her følgjer ei kort oppsummering av året som er gått, og kva bygningsantikvaren har arbeidd med i denne perioden. Meir info kan ein m.a. finna på Facebook (lenk her).







## Tilstandsvurdering

Etter påske, og fram til sommaren, arbeidde eg med tilstandsvurdering av freda bygningar, på oppdrag frå Rogaland fylkeskommune. Eg fekk då høve til å vitja flotte anlegg i nordfylket, og det var både lærerikt og interessant. I forkant av dette arbeidet deltok eg på eit kurs i tilstandsvurdering i regi av Aust Agder fylkeskommune. Det har vore nyttig å sjå korleis andre arbeidar innan bygningsvernet, og då særskild i forvaltinga av bygningsarven.

## Li - Ryfylkemuseet

I sommar arbeidde eg saman med den nye bygningsantikvaren på Ryfylkemuseet, Stina Ekelund Erlandsen, om tilstandsvurdering på Litunet i Suldal. Me gjekk systematisk gjennom bygningane og vurderte tilstand, men òg moglege tiltak. Me brukte fleire dagar, og det viste seg å vera både nyttig og viktig. Slik fann me mellom anna skader og utfordringar me hadde oversett på den første ein-dags synfaringa tidlegare i vår.

## Oppmåling på Lima

På haustparten var eg på Limagarden for å måla opp og dokumentera bygningane der. Til å hjelpa meg fekk eg låna handverkar Ted Johnny Taraldsen. Det kan vera bra å vera to når ein målar opp! Oppmålingsarbeidet gjekk stort sett greit, men det står framleis att ein del etterarbeid med reinteikning. Eg har nytta same teknikk med drapering av foto, slik som med kvernhuset på Bokn. Dvs bygningane er nå òg fotodokumentert.

# Oppsummering frå bygningsantikvaren

**Her følgjer ei kort oppsummering av året som er gått, og kva bygningsantikvaren har arbeidd med i denne perioden. Meir info kan ein m.a. finna på Facebook (lenk her).**







## Låven på Ledaal

Innimellom oppmålingsarbeidet på Limagarden var eg òg på Ledaal og gjorde arbeid for Museum Stavanger. Oppgåva var å sjå på låven på Ledaal. I første omgang gjaldt det å få vurdert tilstanden til bygningen. Når ein går slik (grundig) til verks, og studerar bygningen på nært hald, er det òg naturleg å sjå på dette som eit dokumentasjonsarbeid. Ein finn interessante spor og historiske lag som er viktig å få dokumentert. Rapporten om låven er under arbeid.

## Byggnettverksmøte

I september var det samling i Skien for medlemmer i nettverka *Håndverksnett* og *Byggnettverket*. Målet var samanslåing av dei to nettverka. Det vart to flotte dagar med mykje fagleg påfyll. Nettverket er ein viktig møteplass for oss som arbeider med bygningsvern på musea. Rogaland var godt representert med Mathies E. Erlandsen, Hans D. Olesen, Ted Johnny Taraldsen, Odd-Geir Rosland, Kjell Johnsen, Stina E. Erlandsen, Sven Hoftun, Grete Holmboe (og meg).

## Nordisk konvent

Siste del av september var det duka for *Byggnadsvårdens konvent* i Mariestad i Sverige. Dette er den viktigaste møteplassen for bygningsvern i Norden. Eg var med for andre gongen, og det vart tre flotte dagar fullstappa med inspirasjon, fagleg påfyll og gode møter med fagfeller frå heile Norden. Det er på mange måtar mykje å henta på å reisa over landegrensene. Bygningsvernfeltet er ikkje større enn at me bør sjå til nabolanda våre (og dei til oss).

# Oppsummering frå bygningsantikvaren

**Her følgjer ei kort oppsummering av året som er gått, og kva bygningsantikvaren har arbeidd med i denne perioden. Meir info kan ein m.a. finna på Facebook (lenk her).**








## Nettsider

Eit arbeid som har pågått gjennom året har vore arbeidet med ei felles nettside for fellestenestene. Eg har fått oppgåva med å setja opp sida, og dei andre (samlingsteamet og fotoarkivaren) har levert mykje av innhaldet. Målet er at denne nettsida skal gi informasjon til musea me arbeider for - om tenestene våre og arbeidet vårt. Samstundes vil informasjonen vera tilgjengeleg òg for andre, og me ønskjer slik å gjera arbeidet til fellestenestene betre kjend.

## Haustmøtet (RA)

I november deltok eg på Riksantikvaren sin årlege kulturminnekonferanse. Tema i år var samfunnsnytte og reiseliv, nært kopla til regjeringa si nye reiselivsmelding. Møtet er ein viktig møteplass for dei som arbeider innan kulturminneforvaltinga i Noreg. Det mest interessante for min del var nok omvisinga ved direktør for Stiftelsen Bryggen, Bernt-Håvard Øyen. Me fekk besøka verkstaden til handverkarane og eit pågaåande restaureringsprosjekt.

## Primus FDV

Nokre av musea har teke i bruk FDV-modulen i Primus, medan andre ikkje er komen dit ennå. På sitt beste vil modulen vera eit nyttig og viktig verktøy i det daglege arbeidet med bygningane, og ikkje minst i dokumentasjonsarbeidet. Men det er avhengig av ein har gode rutinar for korleis ein legg inn informasjon, og at dette vert gjort systematisk etter same metode av ulike brukarar. Eg arbeider med ei handbok som kan vera ei starthjelp for å koma godt i gong.

# Kompetanseheving og kunnskapsdeling

Ein viktig del av bygningsantikvarstillinga til er å styrka bygningsvernet og *-kompetansen* ved musea. For at eg kan fylla denne rolla best mogleg er det viktig at eg òg oppdaterar meg fagleg, og at eg deltek i både lokale, regionale og nasjonale samlingar innan bygningsvern. Dette har eg gjort ein del av i 2017. Det har vore viktig og bra for meg av fleire grunnar. Både for å møta fagfeller og andre som deler mitt fag, og for å læra av andre - bli oppdatert på kva andre held på med. Dette har gjort at eg ser ennå tydelegare kor viktig det er å dela kunnskap og å gjera synleg arbeidet som blir gjort rundt på musea. Sjølv deler eg noko på facebooksida, og noko formidlare eg i foredrag o.a. Eg ser at det vert uført mykje godt arbeid med bygningssamlingane, både dagleg vedlikehald og restaureringsarbeid. Desse erfaringane er svært verdefulle og har stor overføringsverdi til andre! Kanskje kunne musea i større grad vore nytta som kursarena for praktiske kurs i handverksfag? Slik kunne musea i større grad fungert som lokale kompetansesenter på bygningsvern. Eg er meir enn glad for å hjelpa til med å organisera og arrangera slike kurs, så ta gjerne kontakt om dette kan vera interessant!

Eg har halde følgjande foredrag og presentasjonar i 2017:

- **Dokumentasjon – nødvendig føresetnad for eit truverdig bygningsvern.** Seminar om klimaprosjektet, Maihaugen (januar)
- **Skadedyr i bygningssamlinga.** Seminar på oljemuseet om IPM – Integrert skadedyrbekjempelse (mai)
- **Når må vi reparere reparasjonene?** Fagseminar, Engøyholmen (juni)
- **Verdien av kulturarv.** Nettverksamling for stadsutvikling i Rogaland, Sauda (desember)

Eg har delteke på følgjande (nokre av kursa har eg gjort i eiga fritid) i 2017:

- **Klimakonferanse** på Lillehammer (januar)
- **Seminar om restaurering av steinportalar** (februar)
- **Kurs i tilstandsvurdering**, RogFk (april)
- **Bygningsverndag** på Tussøy i Troms (juni)
- **Skifertekkingskurs** på Valdres (september)
- **Byggnadsvårdens konvent** i Mariestad, Sverige (september)
- **Tingenes tilstand** i Haugesund (oktober)
- **Haustmøtet** til Riksantikvaren (november)

SAMLINGSTEAMET

# Nytt fra samlingsteamet

I januar overtok Jeanne Dalbu stafettpinnen som prosjektleder etter Per Inge Bøe. Jeanne har vært med i prosjektet fra begynnelsen, og vil de neste tre årene styre samlingsteamet. Målene for prosjektet er de samme som de foregående årene; å bidra med oppgaver for å ta igjen etterslepet i gjenstandsregisteringen og å få en bedre oversikt over samlingene til museene i Rogaland. Teamet skal også ha en rådgivende funksjon og arbeide for å utvikle felles standarder/rutiner ved de enkelte museene.



Kirsten Torborg Hetland

Nytt i samlingsteamet er at Belen og Lise har fått hvert sitt velskapte barn. Belen en liten gutt, kalt Gael, og Lise en liten jente ved navnet Eva. Begge barna har allerede sjarmert våre hjerter, og vi ønsker dem alt godt i fremtiden. Da Lise gikk ut i barselpermisjon i høst ble Kirsten Torborg Hetland ansatt som vikar for Lise. Kirsten ble en del av samlingsteamet i april, og skal jobbe med oss ut året. Kirsten er fra Sandnes, og er utdannet grafisk designer. Hun har bl.a. jobbet som arkivmedarbeider/prosjektmedarbeider på Jærmuseet og var derfor godt kjent med museale oppgaver. Kirsten har med sin kompetanse, ferdigheter og sitt gode humør vært et godt tilskudd til teamet. Hun vil bli savnet, og vi ønsker henne lykke til med ny jobb i 2018.

**GRATULERER så mye til Lise og Belen med hvert sitt velskapte barn!**



SAMLINGSTEAMET

# Samlingsteamet kan se tilbake på noen hektiske, men spennende måneder

Ved siden av revisjonsprosjektene ved museene har samlingsteamet, sammen med fellestjenestene, arrangert fagseminar for alle regionmuseene og Norsk Oljemuseum. Temaet for seminaret var «Integrert skadedyrkontroll, IPM». Det er første gang fellestjenestene har samlet museene i Rogaland til et tverrfaglig seminar der ulike deler av samlingene (foto, bygning, gjenstand) ble belyst. Det ble en flott dag med god diskusjon mellom de rundt 30 deltakerne på seminaret.

I tillegg til fagseminaret har Eirik og Belen holdet internt kurs om pakking av gjenstander, både for Dalane Folkemuseum og MUST. Teamet har også deltatt på diverse seminarer, hvor Eirik bl.a. dro til København for å delta på ICOMCCs internasjonale konferanse for konservering.







**Fra fagseminaret «Integrert skadedyrkontroll, IPM», på Norsk Oljemuseum. Foto: Jeanne Dalbu**



**Eirik holder kurs i hvordan å pakke tekstiler, Dalane Folkemuseum. Foto: Jeanne Dalbu**

## SAMLINGSTEAMET

I høst har Jeanne skrevet en artikkel om samlingsteamet i årboka Sjå Jæren. Med artikkelen «Et felles løft for framtiden» skriver hun om etableringen av Samlingsteam Rogaland, og hvilke betydning arbeidet har for museene.

Artikkelen gir et godt innblikk i arbeidet som blir gjort på museene.

> **”Revitaliseringsprosjektene har bidratt med å få unna en del av etterslepet i registreringen, og man ser et økt fokus på bevaringsarbeidet. Satsningen på Samlingsteam Rogaland har gitt gode og målbare resultater - over 40 000 objekter er registrert/revidert og katalogisert i perioden 2014 -2017. Fra et nasjonalt perspektiv blir fellesprosjektet omtalt som svært vellykket, og blir ofte trukket frem som et godt eksempel på hvordan man kan få til samarbeid på tvers av museene.**
>
> Årboka Sjå Jæren 2017, Dalbu: 121



## SAMLINGSTEAMET

Det er ikke bare i årboka at arbeidet til samlingsteamet blir nevnt. I forbindelse med befaring i Jøssingfjord ble det gjort intervjuer av Eirik Aarebrot og Jeanne Dalbu av Dalane Tidende. Der kan man bl.a. lese;

> **"Vi sitter på ulik kompetanse som ikke nødvendigvis det lokale museet innehar. Fellestjenestene er et samarbeid mellom museene i fylket og fylkeskommunen, og er unikt i sitt slag i Norge. Nå besøker vi Dalane Folkemuseum og er både på Slettebø og i Jøssingfjord. Vi hjelper til med registrering av det som finnes de ulike stedene, og dessuten er konservator Aarebrot med for å bistå med sin ekspertise på kulturhistoriske gjenstander, informerer Jeanne Dalbu.**

Dalane Tidende fredag 7. juli 2017.
Hele intervjuet er tilgjengelig på hjemmesiden til fellestjenestene.


KULTUR

Inviterer til sommerfest på Elverhøy

Fjellitur frå Efteland til Åsen

Fjerner rusten med stålbørste og voks

Turistverter med minneutstilling

Skreddersydde melodi



**Foto over: I forbindelse med restaurering av mekanisk Verksted i Jøssingfjord har Dalane Folkemuseum behov for kartlegging for hva som er nødvendig konservering av gjenstander, registreringsnivå, merking og sikring. I den anledning dro Jeanne og Eirik på befaring i juli for å vurdere og for å prøve ut metoder. T.v. museumsdirektør Leif Dybving og kulturhistorisk konservator Eirik Aarebrot tester ut metoder. Foto: Jeanne Dalbu**

SAMLINGSTEAMET

# SamRog: Prosjektarbeid i 2017

Samlingsteamet har i 2017 gjennomført 14 prosjekter for regionmuseene i Rogaland. Grunnet planlegging og etablering av nytt magasin vil Norsk Oljemuseum utsette prosjektbestilling til 2019. For at fordelingen av timer skal bli så jevn som mulig vil det bli satt av fire måneder til oljemuseet i 2019.

Arbeidet og oppgavene har ellers gått som planlagt i 2017. Av de 14 prosjektene har fem blitt gjennomført på Åmøy. Det har med andre ord vært et år med en del reising fra museum til museum, og vi har blitt godt tatt i mot av alle museene i Rogaland.

Arbeidsoppgavene har variert, men har hovedsakelig dreiet seg om:

## 1 Lettere rengjøring



**Eksempel på rengjøring: Over tid kan kobbergjenstander misfarges. I dette prosjektet ble gjenstandene rengjort av gjenstandskonservator, Eirik Aarebrot. Prosessen innebærer at gjenstanden blir dyppet og vasket med pensel i sitronsyre og vann, Dalane Folkemuseum. Foto: Jeanne Dalbu**

## 2 Merking



**Eksempel på merking: Sykkelsamlingen til Jærmuseet ble merket med identifikasjonsnummer på undersiden av krank. Foto: Therese Espeland**

SAMLINGSTEAMET

# SamRog: Prosjektarbeid i 2017

4

## Nyregistrering og revidering i Primus



Primusregistrering: Lise og Kirsten overfører opplysninger fra excel-ark til Primus for MUST. Foto: Jeanne Dalbu

5

## Tilstands-vurdering i Primus



Eksempel på tilstandvurdering: Lise tilstandsvurderer lyktsamlingen til Haugalandmuseene. Lyktene gis en tilstandsgradering fra 100 til 104, der 100 representerer Svært god og 104 Kritisk. Vurderingen er basert på en visuell observasjon der man legger vekt på synlige skader, Haugalandmuseene. Foto: Jeanne Dalbu

6

## Fotografering



Eksempel på fotografering: Kirsten Torborg Hetland fotograferer, Dalane Folkemuseum. Foto: Jeanne Dalbu

SAMLINGSTEAMET

# SamRog: Prosjektarbeid i 2017

## 7 Publisering




Eksempel på publisering: Alle syklene fra sykkel-prosektet fra Jærmuseet er tilgjengelig på digitalt-museum.no

## 8 Fryse-behandling av tekstiler



Eksempel på frysebe-handling av tekstiler: Jeanne pakker ned teksti-ler i svarte plastposer før de legges ned i frysebok-sen, Dalane Folkemuse-um. Foto: Belén Navazo Hourcade

## 9 Emballering



Eksempel på emballering: Spesialkonstruerte esker til servise, utført av Belen. I bunnen av esken ble det festet et brett av ethafo-am, mens gjenstandens fasong ble skåret ut i brettet, MUST. Foto: Belén Navazo Hourcade

**SAMLINGSTEAMET**

# SamRog: Prosjektarbeid i 2017

10

**Magasinering**



Eksempel på magasine-ring: Lise registrerer fast plassering i magasinet, Foto: Jeanne Dalbu

## Ved utgangen av året har vi:

**revidert/opprettet ca** 4000 **poster**

**revidert/registrert ca** 13.000 **objekter i Primus**



SAMLINGSTEAMET

## Dalane folkemuseum: Revideringsprosjekt i magasin

I januar ble det startet opp et revideringsprosjekt i det ene magasinet på Slettebø. Det vil si at gjenstandene ble tatt ut av magasinet for videre håndtering. Produksjonslinje med forskjellige stasjoner (rengjøring, merking, primusregistrering, tilstandsvurdering, fotografering og emballering) lå rett utenfor magasinet. Det ble kjøpt inn grå kasser, like de som er brukt på tre og metallmagasinet på Jærmuseet, til magasinprosjektet. I Primus ble det opprettet kolli.nr. til kassene. Hyllene i magasinet ble justert og tilpasset for å utnytte plassen bedre. I tillegg til oppgavene i produksjonslinjene ble det gjennomført ulike forebyggende tiltak på museet og samlingene. For eksempel ble det utført frysebehandling på alle håndterte tekstiler, og det ble lagt ut insektfeller i magasinene og på museet. Det ble også holdt kurs om pakking av tekstiler.

Arbeidet med revisjonsprosjekt i magasin ble gjort i tre omganger, henholdsvis vinter, sommer og høst. Til sammen har samlingsteamet revidert/opprettet 878 poster og revidert/registrert 5805 objekter i Primus.



Eirik og Olaug nummerer alle insektfellene før de legges ut på museet, Dalane Folkemuseum. Foto: Jeanne Dalbu



Demonteringsarbeid: Jeanne demonterer et bilde, Dalene Folkemuseum. Foto: Belén Navazo Hourcade



Magasinarbeid: Belen registrer fast plassering, Dalane Folkemuseum. Foto: Jeanne Dalbu




Gjenstandsfotografering: Kirsten fotograferer, Dalane Folkemuseum. Foto: Jeanne Dalbu

**SAMLINGSTEAMET**

## Ryfylkemuseet: Videreføring av Finnøy-prosjektet

Finnøyprosjektet fra 2016 ble videreført til 2017. I likhet med 2016 ble mindre og mellomstore gjenstander hentet fra Finnøy og transportert til Åmøy for videre behandling. Der ble gjenstander med aksesjonslapp og gjenstander som var omtalt i katalogkort prioritert, mens gjenstander uten identifikasjonsnummer ble lagt til side for senere registrering.

I sommer ble det gjort en befaring på Finnøy for å undersøke hva og hhvor stort omfanget av gjenstander som gjenstår er. I samråd med teamet og Trygve ble det besluttet å etablere arbeidsstasjoner på Finnøy for å arbeide med de større gjenstandene, og i høst ble det ryddet plass til arbeidsstasjonene. Gjenstandene ble sortert og omorganisert, og det ble utført noen enkle forebyggende tiltak for å sikre forsvarlig oppbevaring. For eksempel ble klimasensitive gjenstander som papir pakket om, og det ble montert vegghyller for å utnytte plassen bedre. Totalt har samlingsteamet opprettet 686 nye poster og registret 758 nye objekter i Primus. Store deler av dette er tilgjengelig på digitaltmuseum.no.

**Midlertidig fotostasjonen på Finnøy. Belen og Eirik redigerer bilder før de legges inn i Primus, Finnøy. Foto: Jeanne Dalbu**





**Gjenstander med aksesjonslapper festet med bomullstråd, Åmøy. Foto: Jeanne Dalbu**



**Da stuen ble frigjort for gjenstander ble det satt opp vegghyller for å utnytte plassen bedre og for å sikre forsvarlig oppbevaring, Finnøy. Foto: Jeanne Dalbu**

SAMLINGSTEAMET

## Haugalandmuseene: Vurdering av lyktesamlingen

I mai ble alle lyktene til Haugalandmuseene tatt ut for vurdering. Metoden er basert på «Vurdering av kunst- og kulturhistoriske samlinger.» Bakgrunnen for vurderingen av lyktene var en Primus-revisjon av samlingen som også omfattet ny fotografering og en grundig tilstandsvurdering av hver gjenstand. I tillegg ble lyktene vurdert i henhold til prioritering til konservering. Lise hadde hovedansvaret for gjennomføringen av vurderingen. Deler av hennes rapport kan leses på digitaltmuseum.no.

I tillegg til vurdering av lyktene ble større gjenstander som hjørneskap hentet fra magasinet for revidering eller nyregistrering, mens mindre gjenstander ble pakket ned og transportert til Åmøy. Disse ble rengjort, merket, registrert, tilstandsvurdert, fotografert og magasinert på Åmøy. Til sammen har samlingsteamet revidert/opprettet 183 poster og revidert/registrert 487 objekter i Primus. Prosjektet ble gjennomført på ca. fire uker.



Lykter til vurdering, Haugalandmuseene. Foto: Jeanne Dalbu



Konservatorene, Lise og Eirik, vurderer håndlyktene, Haugalandmuseene. Foto: Jeanne Dalbu



Gjenstander til fotografering, Åmøy. Foto: Jeanne Dalbu

SAMLINGSTEAMET

## Museum Stavanger (MUST):

I april dro samlingsteamet til Hermetikkmuseet i Stavanger. Der ble det etablert fire arbeidsstasjoner: identifiseringsstasjon, registreringsstasjon, fotostasjon og pakkestasjon. Prosjektet bestod av nyregistrering, katalogisering og fotografering, samt emballering for magasinering av gjenstander. Til sammen ble det opprettet 220 nye poster og registrert 516 objekter i Primus. Prosjektet ble gjennomført på en uke.

I juli var samlingsteamet en uke på kunstmuseet. Der ble opplysninger fra Access-database (fra excel-arket) registeret i Primus, manuelt. Det ble foretatt absolutt minimumsregistering i Primus. Det er verdt å merke seg at KulturIT kan konvertere dataene fra excel-ark til Primus. I dette tilfellet var det ønskelig å legge inn opplysningene manuelt. Til sammen ble det opprettet 729 nye poster og registrert 726 objekter i Primus.

I september var det satt av fire uker til et revisjonsprosjekt på Åmøy. I samarbeid med Kate Newland ble det gjennomført ulike samlingsoppgaver og magasinoppgaver. Hovedfokuset var gjennomgang av kulturhistoriske gjenstander og kirkekunsten i forbindelse med omplassering og flytting av samlinger. Museet deltok aktivt i prosessen og var jevnlig til stede på Åmøy i prosjektperioden. Det ble særlig lagt vekt på identifisering, sortering, registrering og pakking av gjenstander. Det ble revidert/opprettet 560 poster og revidert/registret 758 objekter i Primus.



Gjenstander merkes og registreres i Primus før de pakkes ned i syrefrie materialer, Hermetikkmuseum. Foto: Jeanne Dalbu






Foto: ST-K.08790 - Butikkvindu

SAMLINGSTEAMET

## Jærmuseet: Revisjonsprosjekt av sykkelsamlingen

I mars ble siste rest fra Tre og metallprosjektet transportert til Åmøy. Arbeidsoppgavene er de samme: Lett rengjøring, registrering, fotografering, strekkode og emballering for transport.

I skrivende stund arbeider samlingsteamet på Åmøy med samlingen. Forhåpentligvis rekker teamet å sluttføre prosjektet før året er omme.

I forbindelse med sykkelutstillingen i 2018 ble det opprettet revisjonsprosjekt av sykkelsamlingen på Jærmuseet. I august ble det opprettet arbeidsstasjoner i magasinet på Vitenfabrikken. Det ble særlig lagt vekt på rengjøring og fotografering av syklene. I tillegg ble det fokusert på å gi en teknisk beskrivelse av hver enkel sykkel i Primus.

Det ble revidert/opprettet 226 poster og revidert/registret 213 objekter i Primus. Prosjektet ble gjennomført på fire uker.



Lise finner fra katalogkortene, Åmøy. Foto: Jeanne Dalbu



Rengjøring før registrering og fotografering, Jærmuseet. Foto: Therese Espeland



Fotostasjon i magasinet, Jærmuseet. Foto: Therese Espeland